



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Planavdelinga	Julie Daling
	Arkivnr.: 14/1671	Klassering:

Detaljreguleringsplan Vesleheimen gnr.137/bnr.63 mfl, 1.gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet godkjenner at framlegg til detaljreguleringsplan for Vesleheimen gbnr.137/63 mfl. vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i (Stryk det som ikke passar) Administrasjonsutvalet, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal til innstilling i (Stryk det som ikke passar) Levekårsutvalet, Plan- og miljøutvalet, Formannskapet

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn

Reguleringsplanen er utarbeidd av Ard arealplan as på vegne av Maja og Karina Isdal. Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for 18 bustader, fordelt på 3 bygg med 2-3 etasjar. Planområdet er ca. 6,6 daa og inneholder i dag to einebustader og eit falleferdig bygg. For å få ei betre utnytting av eigedomen vert to eksisterande bygg rive.

Vurdering

FORHOLD TIL OVERORDNA PLAN

Planframlegget er i samsvar med overordna kommuneplan der arealet er avsett til bustadføremål.

VEGTILKOMST

Det første planforslaget som var levert inn hadde ei avkjøring til den kommunale vegen opp Isdalsbakken som var konfliktfyllt i høve tilkomst bensinstasjon/verkstad og krysset inn på Rv.565. I samråd med vegavdelinga i Lindås kommune har no tiltakshavar kome med nytt framlegg til vegløsing.

Den kommunale vegen fungerer i dag som ein tilkomstveg for bustader og har ikkje lenger gjennomgangstrafikk. Det er to nye byggefelt som knyter seg på «Isdalstøbakken» som tilkomstveg. I

tillegg til Vesleheimen, vert det også utarbeidd reguleringsplan for Kubbaleitet med 200 nye bueiningar. Vegsystemet vert vurdert til å tolle denne trafikkauken då krysset inn på Fv.565 er dimensjonert for mykje trafikk.

GRAD AV UTNYTTING OG BYGGEHØGDER

LEIK/ UTEOPPHALDSAREAL

Arealrekneskapet i planskildringa (kap.8.6) viser at arealkravet i føresegnehøgder til kommuneplan er oppfyllt.

MERKNADER

Det kom inn 4 merknader i samband med varsling av oppstart av detaljregulering av Vesleheimen. Desse er oppsummert i kap.10 i planskildringa. Administrasjonen vurderer at planen kan aksepteras som høyringsforslag ut ifrå det som er kome som merknad ved planoppstart.

Oppsummering/ konklusjon:

Administrasjonen meiner at planforslaget kan leggast fram til offentleg ettersyn.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost